VIE Andelslandbruk SA

# ÅRSMELDING 2018

# INNHOLDSFORTEGNELSE


1. INNLEIING
2. ÅRSMØTE
3. STYRET
4. ORGANISERING AV ARBEIDET
5. UTSTYR OG ANLEGG
6. DYRKINGSSESONGEN
7. AKTIVITETAR
8. MEDLEMSUNDERSØKINGA
9. ØKONOMI OG REKNESKAP

# 1. INNLEIING

Vie Andelslandbruk vart stifta 20.januar 2016. Første året var vi 35, andre året 49 andelseigarar og i år var vi 41, 33 fra fjoråret og 8 nye. 3 av andelane var delt av to personar kvar (dvs 6 halve andelar). Vi fekk i år bygd ein veksttunnel.
Vår tredje sesong har hatt heilt andre utfordringar enn 2017, då mykje regna bort. I år hadde vi bortimot tørke første halvdel av sommaren og vi måtte vatne. Men avlinga vart flott likevel.

# 2. ÅRSMØTE 5.februar

a. Andelsinnskotet og den årlege sesongavgifta vart haldne på same nivå som i 2017; kr 500 og 2.500,- per andelseigar. Eit nøkternt budsjett vart vedteke med atterhald om at det kunne bli naudsynt med eit ekstraordinært årsmøte for å heve sesongavgifta.
b. Minimum dugnadstimar vart sett til 15 i år.

# 3. STYRET

<u>3 “nye” representanter ble valgt til styret på årsmøtet.</u>

| | |
|---|---|
| Aina Helen Gamborg | 1 år igjen |
| Hildegunn Hovland | Nyvalgt, for 2 år |
| Kjetil Simonsen | Nyvalgt, for 2 år inkl 1 år som styreleder |
| Marit Milde | Nyvalgt, for 2 år nestleder |
| Ulf Rugumayo Amundsen | 1 år igjen |
| Veronica Aalhus | (bonderepresentant) |

<u>Vara</u>
Aud Slettehaug
Carina Systad
Guro Huus Folkestad
Stian Wie (bonderepresentant)

Styret har hatt 5 møte i 2018. Marit, Trine og/eller Ulf har delteke på dei fleste. Mykje har også vorte avgjort mellom møta, på facebook-gruppe og chat, eller telefon.

# 4. ORGANISERING AV ARBEIDET

a. Dagleg leiarar og gartnarar: Trearbanden: Marit Bendz, Trine Bjarkøy og Ulf R Amundsen har fungert i fellesskap i denne viktige jobben - som sjølvstendig næringsdrivande.
b. Vi baserer oss på økologiske dyrkingsprinsipp: Økologiske frø, plantar osb. så langt det let seg gjere. Vekstskifteplan, fysisk hinder (insektdsduk), rabarbrabladavkok, brenneslevatn, grønsåpe- og natronvatn.

c. Åkerlappen er delt i Store- & Lille-Sjur og urtehagen Solveig. Store-Sjur (saman med tilleggsfeltet på nedre plan) er delt i seks omtrent like store areal, som utgjer vekstskiftet.
d. Tomatplantar, chili og paprika fekk sine “fosterforeldre” i byrjinga av mars, det same fekk purre- og vårløk. Veksttunnelen vart planlagt i mars, men ikkje sett opp før midt i mai grunna tele. Potetene vart sett til groing 27. april (frå Mo) og 7. mai (Døskeland), og vi begynte oppal i drivhuset 23.april. Jordet vart gjort klart med gylling, fresing, steinplukking, køyring av senger og oppmåling av skifte. Gulrøtene vart sådd med maskin 15.mai, Troll-potetene vart sett på nedre jorde 19.mai, tidlegpotetene Aksel + nokre Troll litt seinere på Store-Sjur. Såing ute frå 12. mai. Vidare såing, planting, setting, vatning i drivhus, luking, luking og luking…. Insektduken kom på 9.juni (inn 11.oktober) Siste potetopptak 24.okt, siste hausteliste 5.november. Overskotspoteter vart lagra og kunne hentast hos Håvard Larsen i Angedalen. Siste dugnad 9.des: nedplukking av ny veksttunnel i Jølster som Vie Andelslandbruk får til bruk frå og med sesongen 2019.
e. Kommunikasjonen gjekk via både Facebook og mail: innkalling til dugnader, haustemeldingar, styrereferat, info om open dag, hausttakkefest mm.

# 5. UTSTYR OG ANLEGG

a. Det store utstyret fekk vi stort sett låne eller leige: traktorar av Sjur og Arild Hornnes (nabo på Vie), plog, potetsettar og -opptakar (Sjur), korgharv (Mo), settemaskin for gulrot (Mo), hjulhakke (Veronica)
b. Småutstyr vart kjøpt inn undervegs, inkl vatningsslangar, sveitteslange til veksttunnel mv.
c. Vi fekk parkere på tunet og bruke vatnet på garden. Potetkassar, bruk av fjøsen, staur, ståltråd m.m.m. av Sjur

d. Plastrøyra som heldt oppe veksttunnelen viste seg å bli mjuke i solvarmen, mista bogeforma, og vart bøygd kraftig i vinden. I ei vindkule i sommar fekk vinden tak og plasten bles halvvegs av og revna i begge endar. Begge endestykkja vart kopla ifrå. Tomatane var hovudsakleg av busktype, noko Ulf og Marit får ta skulda for då dei tinga frøa, dermed vart det for tett. Dette og låg temperatur og fuktigheit seinare i sesongen førte til at dei fleste tomatane ikkje vart modne, og fikk gråskimmel (sopp).
e. Benkar, bord og vask kom også opp. Litt stell av pilehytta.

## 6. DYRKINGSSESONGEN

a. Generelt: Først mykje god varme, tørke og så mykje regn...
b. Erfaringar skadedyr m.m.: Noko meir brunsniglar i år, også i drivhuset, men under kontroll. Kapp av hovudet, fjern egga. På grunn av regnet på seinsommaren tok tørråta for seg i potetåkeren, og alt riset visna tidleg. Potetene låg djupt og vart fine, og større enn i 2017.
c. Dugnader: Trearbanden leia dugnadene, med få unntak, og var ofte til stades alle tre. Arbeidsoppgåvene vart notert på tavle og kryssa ut når dei var utførte. Snitt dugnadstimar som er ført i boka var på 28,75 timar per andel.
d. Drenering: Vi pløygde på tvers av sengene/furene, og grov ei grøft på tvers av sengene der det er eit søkk/vatnet samlar seg mest i åkeren, dette drenerte betre enn i 2017.
e. Hausting: Poteter vart til slutt tekne opp på dugnad. Få har eigna lagringsplass for store mengder, og andelslaget har ikkje noko felles. Elles hausta kvar enkelt etter hausteliste.
f. Hausten: sette hvitlauk (oktober). Tilhøva resten av hausten låg ikkje til rette for å få ut kalk, skålharve, slådde og pløye.

## 7. AKTIVITETAR

Dugnadar begynte med oppal av tomatplanter mm heime hos nokre andelseigarar. Bygging av veksttunnel for tomatplantene kom i gang seinare enn ønska pga tele utover våren. Steinplukking, sengeraking, planting og såing av frø. Arbeidet fekk etter kvart ei fast ramme med annakvar  tysdag/onsdag ettermiddag/kveld, og kvar laurdag føremiddag. Det siste mykje på grunn av gulrotfluga, som er minst aktiv før klokka 12 - då kan vi ta av duken.

a. God aktivitet på Facebook-sida for medlemmene og ein del på interessegruppa. Nok ein vellukka hausttakkefest :)
b. Info: Flyers og plakatar på våren og under ØKOveka.
c. Deltaking på Familiedag på Førdehuset 25.august. Norsksenteret vitja garden 8.august. Infomøte for lokallaget til LHL og på Internasjonal Kafe i haust..

## 8. MEDLEMSUNDERSØKINGA (32 av 41 svarte=78%)

1. Motivasjon for å vere med på Vie: 1. Få økologiske grønsaker, 2. Delta i arbeidet, 3. Vere del av sosialt fellesskap,. 4. Auke eigen kunnskap om dyrking, 5. Støtte lokalt landbruk, 6. Lære/ha med barn/barnebarn
2. Kor mange gonger har du hausta i år: 1-5: 6,5% (2) 6-9: 12,9% (4) 10-12: 61,3% (19), 13-15: 19,4% (6)
3. Ønskjer meir av: vanlege gulrøter, blomkål, brokkoli, stangselleri, kvitlauk, tomat, bønner, agurk, beter, rotgrønsaker, kålrabi, lauk, romanesco, bondebønner, jordbær,spinat, knutekål, graskar, squash,sukkererter, sommarkål, søtpotet...

4. Ønskjer mindre av: potet, salat/grønkål/mangold, beter, lauk, kålrot, blomkål, stangselleri, pastinakk, hovudkål, fleirfarga gulrøter
5. Vil vere med i 2019: ja: 65,6% (21), usikker 28,1% (9) nei: 6,3% (2)
6. Kor går grensa for minimum dugnadstimar i 2019: 10-15: 35,5%, 15-20: 25,8%, 20-25: 25,8%, 25+: 12,9%
7. Ville betalt for å sleppe dugnad: 1
8. og 9: Innspel: God info, ønskjer info på ein kanal (nettsida), bra organiserte dugnader, kunne hatt meir info om kva ein kan gjere utanom dugnad, fint å bli møtt av “banden”, gode haustelister, betre merking av senger, lære meir om dyrking, betre “styr” på korgharva.
9. Effektivisere?: To dugnader i veka om våren, inkl hovuddugnad med utplanting, seinare i sesongen ein gong per veke, evnt ein hovuddugnad per mnd. Permakultur? Bra med info om etterbehandling/lagring. Betre med færre sorter. Fleire lagringssterke grønsaker. Meir gulrøter tidlig på haustelista så dei ikkje blir for store og sprekk. Hausting/vasking inn i dugnadstida. Hausteplan på døra. Sei ifrå når det er ekstra viktig å møte på dugnad. Plan for sesongen på nettsida. For mykje dugnad og forventningar. Kjekt å bli kalt “bonde” :) Bærbuskar. Avtale med kommunen om at barnehagar kan kome i sesongen?

## 9. ØKONOMI OG REKNESKAP

a. sjå eige vedlegg

## Takk for i fjor :)